

Lærerike fiskedagar i barnehagen

29.09.2015



Gardsbarnehagen vil takka Torger Øye, som er bestefar i barnehagen, for at vi fekk bli med ut og trekke garn torsdag i sist veke. Nokre av borna fekk trekke heile 5 garn. Her fekk vi fisker nær sagt av alle slag og mykje anna spennande. Det var torsk, sei, lyr, hyse, lange, uer makrell, havmus, to typar hai, flyndre, hummar, kråkebolle, sjøstjerne, brennmanet, tang og tare. Hummaren fekk vi berre beundra ein augneblink før han måtte ut i sjøen att, den må vekse seg større og må venta til det er lov å fanga.



Fredag kom Toger opp med ein masse ferdig filetert fisk til oss som vi laga fiskekaker av. Noko av fisken steikte og kokte vi men vi veit frå før at fiskekakar er ein slag, derfor vart det mest slike.



Ein lurt på om vi kunne lage makrell i tomat. Sidan vi fekk så enorme mengder ville vi prøve og fann oppskrift på nettet og sette igang. Borna laga kvar sin boks, men denne måtte stå i kjøleskapet natta over før vi kunne smaka. Mange har nok kosa seg ekstra i helga med det sunne og gode pålegg. Idag mandag kunne alle slå fast at fiskekakene var det aller beste.



Tekst og foto; Helene Bjørnebøle